



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Lærarstillingar - faste og vikariat

Stillingsinformasjon

Meland kommune har 5 grunnskular; Rosslund barne- og ungdomsskule, Vestbygd skule, Sagstad skule, Meland ungdomsskule og Grasdal skule.

Frå 1. august 2018 er det ledig eit antall både heiltid- og deltidsstillingar i Meland kommune.

Vi søker etter dyktige og engasjerte lærarar med godkjent lærarutdanning for undervisning i grunnskulen.

Fagbehov: Alle fag i grunnskulen

Særskild for Sagstad skule: Begynneropplæring

Særskild for Meland Ungdomsskule: Norsk, spansk og musikk

Særskild for Rosslund skule: Spansk

Kvalifikasjonskrav

Felles for alle stillingane er godkjent utdanning ihht kompetanseforskrifta.

Utdanning frå utlandet må vere godkjent av NOKUT.

Vi søker lærarar som:

- Er fagleg bevisst og godt førebudd
- Har god innsikt i lærarrolla og skulen som organisasjon
- Er synleg i skulen sine ulike møteplassar
- Bidrar til å utvikle skulane sitt positive arbeidsmiljø
- Følgje opp og ha kontakt med den enkelte eleven og deira føresette
- Har god kommunikasjon og tydeleg klasseleiing
- Aktivt samarbeider med kolleger og skuleleiinga om utvikling av læringsmiljø og læringsutbytte

Meland kommune har nynorsk som målform.

Vi tilbyr

Utfordrande oppgåver i eit breitt og engasjert fagmiljø.

Løn etter gjeldande tariff/avtale.

God pensjonsordning.

IA-bedrift

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Det er viktig at du skriv i kva fag du har kompetanse når du søker.

Det vert presisert at søknaden gjeld tilsetjing i grunnskulen i Meland kommune. Dersom søknaden utelukka skal gjelde enkelte årstrinn, barne- eller ungdomstrinn, bestemte fag eller bestemte skular, må dette komme klart fram av søknaden.

Deltidstilsette som ønskjer å auke stillingsprosenten og er kvalifisert for dei utlyste stillingane, kan gjere krav på fortrinnsrett. Slikt krav må framsettast tydeleg i søknaden.

Ved innkalling til eit eventuelt intervju må søkjaren ha med følgjande:

- Rettkjende kopiar av vitnemål på all utdanning etter vidaregåande og av attestar på arbeidsforhold, med oppgitt tidsrom og størrelse
- Studentar vert bedne om å ta med dokumentasjon frå høgskulen/universitetet som stadfestar at lærarutdanninga vert slutført våren 2018.

Kontaktperson

Irene Hystad Hugaas, Rektor Grasdal skule, tlf: 56175700, irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

Hilde Brendehaug Hugaas, Rektor Meland ungdomsskule, tlf: 56171410, hilde.brendehaug.hugaas@meland.kommune.no

Rolf Inge Fyllingsnes, Rektor Vestbygd skule, tlf: 56174282, rolf.inge.fyllingsnes@meland.kommune.no

Hogne Brunborg, Rektor Rosslund skule, tlf: 56174411, hogne.brunborg@meland.kommune.no

Magne Lædre, Rektor Sagstad skule, tlf: 56171310, magne.laedre@meland.kommune.no